
 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011	Tal sider: 8
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62

Innhald

1. Føremål.....	2
2. Kven reglementet gjeld for.....	2
3. Når reglementet gjeld.	2
4. Godtgjersle. Jfr. kommunelova § 42.	2
4.1. Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle.	2
4.2. Møtegodtgjersle.....	4
4.3. Telefongodtgjersle.....	4
5. Erstatning for tapt arbeidsinntekt og påførte utgifter. Komm.l. § 41.....	5
5.1. Erstatning for tapt arbeidsinntekt.....	5
5.2. Erstatning for påførte utgifter.....	5
6. Gruppeleiargodtgjersle.....	6
7. Frikjøpsordninga.	7
8. Tilskot til opposisjonsgrupper.....	7
9. Pensjons- og forsikringordningar.....	7
10. Oppgjersrutinar.	7
11. Etterløn.....	8
12. Godtgjersle til fylkesordførar / fylkesvaraordførar som i samband med vervet midlertidig må bu i Bergen.	8
13. Regulering.....	8

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune		
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011
Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62

1. Føremål.

Reglementet har til føremål å sikra folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jfr. kommunelova §§ 41 og 42

2. Kven reglementet gjeld for.

Reglementet gjeld for fylkestinget sine representantar.

I tillegg gjeld det for:

- Medlemar av andre fylkeskommunale organ oppnemnt av fylkestinget, fylkesutvalet eller utvala.
- Arbeidstakarane sine tillitsvalde i fylkeskommunale utval.

Reglementet gjeld ikkje lovsett medlem eller tenestemann i administrasjonen, som er medlem i utval, med unntak av tillitsvalde.

3. Når reglementet gjeld.

Godtgjersle etter dette reglementet vert gjeve for ordinære møte i det utvalet vedkommande er vald inn i.

For gruppemøte i samband med fylkestingsamlingane, fylkesutvalsmøte og utvalsmøte gjeld pkt. 5 om erstatning for tapt arbeidsforteneste og påførte utgifter.


Reglementet gjeld for fylkeskommunale representantar som vert peika ut av fylkeskommunen til å representera fylkeskommunen i andre organ.

4. Godtgjersle. Jfr. kommunelova § 42.

4.1. Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle.

Grunnlaget for fast årleg godtgjersle er kr. 768.500,- frå 01.05.2011.

– fylkesordførar		100 %	av	kr. 768.500,-
– fylkesvaraordførar		3,5 %	av	kr. 768.500,-
– medlem av fylkestinget				
– med unntak for medlemmer i fylkesutvalet,				
– utvalsleiar og leiar av kontrollutvalet.				
– medlem av fylkesutvalet		25 %	av	kr. 768.500,-
– utvalsleiar		25 %	av	kr. 768.500,-
– leiar kontrollutvalet		25 %	av	kr. 768.500,-
– Y- nemnda - leiar		10 %	av	kr. 768.500,-

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune		
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011
Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsaksak: 200707729-62

- medlem i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet og kontrollutvalet 3,5% av kr. 768.500,-
- styreleiar vaskeri 7 % av kr. 768.500,-
- saksordførar 5 % av kr. 768.500,-

Fylkesvaraordføraren er leiar i administrasjonsutvalet, jfr. Reglement for administrasjonsutvalet. Det vert ikkje gitt særleg godtgjersle eller dobbel møtegodtgjersle til fylkesvaraordføraren i dette vervet.

Godtgjersla vert regulert i samband med tariffrevisjonar.

Fylkesutvalet skal frå 2006 oppnemna eit eige forhandlingsutval på 3 personar for forhandling av fylkesrådmannen si løn. Fylkesordførarar skal ikkje vera ein del av forhandlingsutvalet.

Dei representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet dei har fast godtgjersle i. Varamedlemer får møtegodtgjersle. For møte i fylkestinget vert det betalt møtegodtgjersle.

For dei med fast godtgjersle i fylkesutvalet dekkjer godtgjersla verva i fylkesutvalet, fylkesvalstyret og administrasjonsutvalet. Det vert ikkje gitt møtegodtgjersle i desse organa, uavhengig av kva dag møta vert haldne. Varamedlemer som møter har rett til møtegodtgjersle for alle utvala uavhengig av om dei er lagt til same dag.

Medlemer av fylkesutvalet, utvalsleiarar og andre får møtegodtgjersle dersom dei er med i utval som den faste godtgjersla ikkje er meint å dekkja, herunder underutval under dei faste utvala.

Fylkesordførar og fylkesvaraordførarar har ikkje krav på møtegodtgjersle for verv i fylkeskommunale organ.

Dersom ein har fråver i meir enn 25 % av møta, som ikkje skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom, fødsels- og adopsjonspermisjon vert den faste godtgjersla redusert prosentvis svarande til fråveret.


Grunnen til fråværet skal gå fram av møteboka. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Dersom fylkesutvalet har samrådingar, synfaringar, temamøte e.l. dagen før eller etter eit møte med sakshandsaming, vert også denne dagen rekna som møtedag i høve til 25 % regelen.

Varamedlem som møter i meir enn 25 % av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Utanom for møta i fylkestinget vert det då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det same gjeld for nestleiarar som fungerer for leiar med fast godtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

Det vert gjeve godtgjersle til saksordførarane frå den dato dei vert oppnemnde av fylkestinget til den dato saka vert handsama i fylkestinget. Godtgjersla vert gjeve for kvar påbyrja 30- dagars periode.

Dersom det er tvil om godtgjersla, tek fylkesordføraren avgjerd.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011	Tal sider: 8
	Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62

Saksordføraren får reise- og kostgodtgjersle når han/ho

- tek del i møte med administrasjonen i samband med saksførebuinga
- tek del i møte etter avtale med utvalsleiar, eller fylkesordførar dersom det er utvalsleiar som er saksordførar.

For styreverv i fylkeskommunalt heileigde aksjeselskap blir det gitt godtgjersle etter pkt. 4.2 i reglementet om ikkje anna er fastsett.

4.2. Møtegodtgjersle.

Møtegodtgjersle for representantar i fylkeskommunale organ er kr.700,- for kvar møtedag i same organ.

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle for reiser, befaringar, konferansar, seminar og liknande.

Møteleiarar i fylkeskommunale organ som ikkje har fast godtgjersle får dobbel møtegodtgjersle, kr.1.400,-.

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle for møte i partigruppene i tilknytning til tingsete eller møte i andre fylkeskommunale organ.

Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle for møte i andre fylkeskommunale organ, når desse vert haldne i tilknytning til tingsetet. Dette gjeld ikkje møtegodtgjersle til varamedlemer til fylkesutvalet som møter i fylkesutvalsmøte under tingsamlinga.

Når eit fylkeskommunalt organ vedtek at ein representant skal delta eller vera med som representant for fylkeskommunen i organ utanom fylkeskommunen eller i samarbeidsorgan i regi av fylkeskommunen eller andre, vert det betalt møtegodtgjersle, dersom det ikkje vert utbetalt godtgjersle i det organ representanten møter. Reglane om dobbel møtegodtgjersle og godtgjersle til arbeidsgrupper/-utval, jfr. pkt. 2 og 3, gjeld tilsvarande i slike tilfelle.


4.3. Telefongodtgjersle.

Telefongodtgjersle pr. år:

Medlemer i fylkestinget.	kr. 750,-
Medlemer av fylkesutvalet	kr. 1.500,-
Gruppeleiarar	kr. 3.000,-
Utvalsleiar	kr. 3.000,-

Godtgjersla vert utbetalt automatisk utan framsetjing av krav med den summen som ein maksimalt kan krevja. Utbetalinga skjer etterskotsvis pr. kvartal.

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar har same ordning for tenestetelefon som fylkesrådmannen.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune		
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011
Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62

Det vert berre gjeve telefongodtgjersle for eitt verv.

5. Erstatning for tapt arbeidsinntekt og påførte utgifter. Komm.l. § 41.

5.1. Erstatning for tapt arbeidsinntekt

5.1.1. Personar med lønsinntekt.:

Erstatning for tapt arbeidsinntekt vert dekkja med inntil kr. 2.973,- + sosiale utgifter (feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjon) pr. dag når det vert dokumentert med trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Vederlag for dokumentert tap i lønnsinntekt gjev grunnlag for feriepengar.

5.1.2. Sjølvstendig næringsdrivande:

Sjølvstendig næringsdrivande får dekkja tap i inntekt med inntil kr 3.567,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå arbeidsgjevar/firma.

Utan dokumentasjon for tapt inntekt får denne gruppa erstatta kr 1.189,- pr dag.

5.1.3. Personar utan ordinær lønnsinntekt:

Denne gruppa får ei erstatning på kr. 1.189,- pr. dag.

For alle gruppene vert det elles gjeve ei erstatning med kr. 1.189,- for udokumenterte krav for møte på laurdag og søndag.

Dokumenterte krav om tapt arbeidsinntekt på laurdag og søndag går inn under dei ovanfor nemnde reglar.

Endringar som har innverknad på erstatning for tapt arbeidsinntekt skal gjevast melding om snarast til dei som føretekt utbetaling.

Når satsane for fast årleg godtgjersle for politisk arbeid vert endra, vert satsane for tapt arbeidsinntekt endra med same prosentset.


Personar som går i mindre enn full stilling eller går i turnus/skiftarbeid, får tapt arbeidsforteneste etter minstesats dersom eit møte fell på fridagen til vedkomande.

5.2. Erstatning for påførte utgifter.

5.2.1. Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle.

For skyss- og kostgodtgjersle gjeld Statens reiseregulativ.

For møte i fylkesting, fylkesutval og andre fylkeskommunale organ nemnde under pkt. 3, gjeld dei vanlege reglane i regulativet med det unntak at representantar nemnde under pkt. 2 får kostgodtgjersle etter regulativet utan omsyn til kvar dei bur.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune			
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011	Tal sider: 8
Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62	

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytta eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekka reiseutgifter frå heimstaden i fylket. Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Fylkeskommunen dekkjer overnatting:

- Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på vegner av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på 50 km med bil eller 1 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter Visveg hos Statens vegvesen).
- Fylkeskommunen dekkjer også overnatting når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- Fylkeskommunen kan dekkja overnatting dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- Reglane gjeld tilsvarande for gruppemøte i forkant av fylkestingsmøte.
- Fylkesordførar tolkar regelverket og kan gjera unntak til dømes ved ekstremver, brot i samferdsletilbod, vegstenging eller særskilte behov som sjukdom med meir.

Fylkesordføraren skal på førehand godkjenna utanlandsreiser. For reiser i utlandet gjeld Statens reiseregulativ for utanlandsreiser.

5.2.2. Utgifter i samband med tilsyn av barn under 12 år, funksjonshemma og sjuke.

Legitimerte ekstraavgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av barn under 12 år, funksjonshemma og sjuke vert dekka med inntil kr.700,- pr. dag for 1 barn / person. Gjeld tilsynet fleire barn / personar aukar satsen med kr.200,- pr. dag pr. barn / person.


Alderen på barna og at tilsynet har funne stad, skal dokumenterast.

6. Gruppeleiargodtgjersle

Det vert gjeve godtgjersle til gruppeleiar i partigrupper representert i fylkestinget.

Gruppeleiargodtgjersle etter følgjande prosentsatsar av fastsett grunnlag (kr. 768.500,-)

13 eller fleire medlemmer i fylkestinget	30%
9 - 12 medlemmer i fylkestinget	25%
6 - 8 medlemmer i fylkestinget	20%

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune		
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011
Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62

2 - 5 medlemmer i fylkestinget 15%
likevel slik at ingen skal ha ei total godtgjersle frå fylkeskommunen på over 100% av grunnlaget.
Når fylkesvaraordføraren er gruppeleiar, vert gruppeleiar godtgjersla overført til fylkestingsgruppa.

Gruppeleiar har råderett over gruppeleiar godtgjersla som vert utbetalt slik gruppeleiar fastset.

7. Frikjøpsordninga.

Stønad til frikjøp for politisk arbeid vert gjeve til partigruppene i fylkestinget med kr. 35.600,- pr. fylkestingsrepresentant pr.år. Frikjøpsmidlane vert utrekna og fordelt på 55 medlemmer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar vert halde utanfor ordninga. Beløpet pr. fylkestingsrepresentant vert regulert i samsvar med tariffjusteringar.

Partigruppene fordelar midlane sjølve.
Stønaden vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiaren sin attestasjon.

Når fylkeskommunen føretek utbetaling direkte til eit medlem vert dette registrert som honorar, og det vert trekt skatt og rekna arbeidsgjevaravgift av beløpet.

8. Tilskot til opposisjonsgrupper.

Tilskot innanfor ei ramme på kr. 600.000,-:
Kr. 30.000,- i støtte til kvar gruppe i opposisjon, deretter tilskot til opposisjonsgruppene basert på eit tilskot pr. representant.


9. Pensjons- og forsikringordningar.

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar er tilslutta pensjonsordning som gjeld folkevalde. Dei er tilslutta dei same forsikringsordningar som tilsette i fylkeskommunen. Reiseforsikring gjeld for alle fylkeskommunale folkevalde når dei er på reise for fylkeskommunen.

10. Oppgjersrutinar.

Det må fremjast krav om godtgjersle, erstatning av tapt arbeidsforteneste og utgifter. Fast godtgjersle til fylkestingsrepresentantane vert utbetalt kvartalsvis. Fast godtgjersle elles vert utbetalt månadleg. Heiltidsverv følgjer dei utbetalingsrutinane som gjeld for dei tilsette.

Krav om godtgjersle bør sendast så raskt som mogeleg. Krav som ikkje er kome inn til fylkesrådmannen eller den som skal tilvisa kravet før den 31.mars for krav som gjeld føregående budsjettår, fell bort.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune		
	Dokumenttype: Reglement	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 14.12.2011
Utarbeidd av: Fylkesrådmannen	Godkjend dato: 12.10.2009	Revidert dato: 14.12.2011 08.06.2011 15.12.2010 12.10.2009 14.10.2008 10.06.2008 13.06.2007 10.10.2006	Arkivsak: 200707729-62

Folkevalde i verv med fast godtgjersle får godtgjersle ut oktober i det året valbolken er slutt. Ved starten av valbolken vert godtgjersla rekna høvesvis frå den dagen det nye fylkestinget konstituerer seg.

Kvartalsvis fast godtgjersle vert utbetalt siste månaden i kvartalet. Månadleg fast godtgjersle vert utbetalt same månaden.

11. Etterløn.

Folkevalde i verv på heil tid har rett på ettergodtgjersle.

- I 1,5 månader dersom vedkomande tek til i ny stilling, trer inn igjen i tidlegare stilling eller går av ved oppnådd pensjonsalder etter valperioden.
- I inntil 3 månader dersom vedkomande ikkje tek til i ny stilling etter valperioden.

Ettergodtgjersla vert rekna frå 1. november det året valbolken er slutt.

12. Godtgjersle til fylkesordførar / fylkesvaraordførar som i samband med vervet midlertidig må bu i Bergen.

Fylkeskommunen syter for høveleg husvære i Bergen og dekkjer dei faste utgiftene som leige, straum, telefon m.m.

Fylkeskommunen dekkjer reiseutgiftene til og frå heimbustad ein gong pr. veke og i samband med høgtider. Skyss- og kostgodtgjersle vert gjeve etter Statens reiseregulativ.

13. Regulering

Godtgjersla vert elles regulert i samsvar med tariffjusteringar.